

NORDDAL KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**fredag, 12.02.2010 kl. 14.00 på
Rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 01/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 16. oktober 2009
- ” 02/10 - Orientering om statsbudsjettet
- ” 03/10 - Vidare vurdering av forvaltningsrevisjonsprosjekt
- ” 04/10 - Orientering om Norddal eigerselskap KF
- ” 05/10 - Orientering om legekantoret
- ” 06/10 - Møteplan 1. halvår 2010

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
NORDDAL KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 16. oktober 2009

Møtestad: Norddal Rådhus

Møtet vart leia av: Arne Sandnes

Elles til stades:

Signe Brenna og Randi Tafjord

= **3 voterande**

Meldt forfall: Frank Iversen

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Norddal kommune møtte rådgjevar Helge Svendsvik og økonomisjef Einar Hoel i sak 17/09, 18/09 og 21/09.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 15/09

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 27. MAI 2009

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 27. mai 2009 blir godkjent.

SAK 16/09

BUDSJETT 2010 - NORDDAL KONTROLLUTVAL

Saksutgreiing datert 12.10.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Det blir avsett 15.000 kroner til kurs og opplæring.

SAK 17/09
PRAKTISERING AV VASSAVGIFT I NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing datert 12.10.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering

SAK 18/09
ØKONOMIRAPPORTERING 2009 – NORDDAL KOMMUNE

Saksutgreiing datert 12.10.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek budsjettsituasjonen i Norddal kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ser det som føremålstenleg at budsjettrevisjon og budsjett rapportering blir framstilte i to forskjellige rapportar.

SAK 19/09
PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Saksutgreiing datert 12.10.2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Tema som Lov om offentlige anskaffelser, teknisk etat, vatn og avløp vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome attende til.

SAK 20/09
MØTEPLAN 2. HALVÅR 2009

Saksdokument datert 12.10. 2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalsekretariatet legg fram forslag til møteplan 2010 i neste møte.

**SAK 21/09
VARSLING**

Saksdokument datert 12.10. 2009 frå kontrollutvalsekretariatet, strategidokument frå kommunen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til strategidokument frå kommunen og ber kommunen gjere dette dokumentet kjent for tilsette og innbyggjarar i kommunen.
2. Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 22/09
NY OPPGÅVE FOR KOMMUNANE - BEREDSKAPSPLIKT**

Saksdokument datert 12.10. 2009 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet legg til grunn at kommunen set lovendringa ut i livet og ber om statusrapport innan 1. november 2010.

Arne Sandnes
leiar
(sign.)

Signe Brenna
medlem
(sign.)

Randi Tafjord
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.02.2010

**SAK 02/10
ORIENTERING OM STATSBUDDSJETT OG KOMMUNEØKONOMI**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Møre og Romsdal fylke datert 13.10.2009

Av brevet går det fram at realauken i kommunesektoren sine samla inntekter vil vere på ca 8 milliarder kroner og auken i frie inntekter er på ca 4,2 milliarder kroner. Den reelle veksten i frie inntekter skal vere auka med 3 prosent. Regjeringa legg til rette for ein betre økonomisk balanse i kommunane og styrking av tenestetilbodet. Det blir for øvrig vist til vedlagte dokument.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering

Harald Rogne
dagleg leiar

KOPI



Møre og Romsdal fylke



Kommunane i Møre og Romsdal

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: Vår saksbehandlar: Vår dato:
FM: 2009/3477/TESA/331.2 Terje Tveelkrem Sæter, 71 25 84 49 13.10.2009

Statsbudsjettet 2010 og ordinært skjønstilskot

Vi vil her gå gjennom dei viktigaste punkta i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2010. Vidare vil vi gjere greie for vår tildeling av skjønsmidlar for 2010. Først vil vi sjå på hovudtala for heile kommunesektoren, det inkluderar også fylkeskommunane. Her vil vi fokusere på tal som syner den reelle veksten i inntektene. Deretter vil vi sjå på tala for kommunane i Møre og Romsdal deriblant det ordinære skjønstilskotet for 2010.

Kommunesektoren samla

Realauka på om lag 8 milliardar i sektoren si samla inntekt er målt mot tal frå revidert nasjonalbudsjett (RNB). Auken tilsvarar 2,6 prosent. Dette er 2 milliardar kroner meir enn varsla i kommuneproposisjonen. Kommunesektoren sine totale inntekter er rekna til å kome på om lag 333 milliardar kroner i 2010. Av dette er om lag 226 milliardar frie inntekter. Dette utgjer om lag 17 prosent av bruttonasjonalprodukt (BNP) for fastlands-Noreg. Regjeringa sitt forslag gir eit overslag på 40,9 milliardar i reell inntektsauke sidan 2006, av dette er 19,9 milliardar vekst i dei frie inntektene.

Auka i sektoren si samla inntekt kan fordelast slik:

- Auke i frie inntekter: 4,2 milliardar kroner
- Auke i øyremerka overføringar: 2,8 milliardar kroner
- Forsterka opplæring med meir: 0,7 milliardar kroner
- Auka gebyrinntekter: 0,2 milliardar kroner

I desse tala er det tatt høgde for ein kommunal deflator som er førebels rekna til 3,1 prosent for 2010.

Auke i frie inntekter

Det viktigaste talet for kommunane er auken i frie inntekter som er forslått til vel 4,2 milliardar kroner i 2010. Dei frie inntektene er rammetilskot og skatteinntekter og utgjer i underkant av 70 prosent av kommunesektoren sine samla inntekter i 2010. Kommunane står fritt til å disponere desse pengane i tråd med lokale prioriteringar, innanfor ramma av gjeldande lovar og regelverk.

Auken i dei frie inntektene er grunngeve slik:

- 230 millionar kroner til styrking av det førebyggjande helsearbeidet i kommunane i samband med samhandlingsreforma.
- 1 milliard kroner til fylkeskommunane knytt til nye samferdselsoppgåver.
- Auka demografikostnader. Talfesta til om lag 1,5 milliardar kroner.
- Fleire nye årsverk i pleie og omsorg i tråd med Omsorgsplan 2015.
- Styrking av det kommunale barnevernet med 400 årsverk på landsbasis.
- Styrking av skuletilbodet:
 - Éin time meir per veke frå hausten 2010, fordelt på 1. – 7. trinn.
 - Åtte timar gratis leksehjelp frå hausten 2010, fordelt på 1. – 4. trinn.
 - Investeringsramma for rentekompensasjonsordninga for skulebygg og symjeanlegg aukast med 2 milliardar kroner. Ein budsjetteffekt på 28 millionar kroner.
 - Vidareføring av det midlertidige tillegget til lærlingtilskotet i tiltakspakka.

Kommunane får om lag 2,73 milliardar av auken i dei frie inntektene, fylkeskommunane 1,5 milliardar kroner. Det kommunale skatteøret er satt til 12,8 prosent. Identisk med 2009. Det er likevel forventa ein skattevekst for kommunane på 5,9 prosent. Dette har med at skatteveksten er forventa å bli relativ god i 2010.

Meirskattevekst i 2009

Skatteinntektene er no rekna til å bli 1,2 milliardar kroner meir enn det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Kostnadsveksten (deflatoren) er uendra, framleis rekna til 4,1 prosent for 2009. Denne meirskatteveksten får kommunane behalda i 2009, men den vert ikkje vidareført i 2010. Dette fører til at den reelle inntektsauka i 2009 blir større en det som vart lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. For kommunane sin del ligg dei an til å få ytterligare 950 millionar kroner i skatteinntekter i 2009. Målar vi reell vekst i forhold til desse tala, som omtalast som rekneskap 2009, kjem den reelle veksten i frie inntekter på om lag 3 milliardar kroner i 2010.

Dette gir også nye overslag for 2009. Den reelle veksten i kommunesektorens samla inntekter i 2009 er no rekna til å bli om lag 11,4 milliardar kroner, eller 4 prosent. Realveksten i dei frie inntektene er no rekna til om lag 6,1 milliardar kroner, tilsvarande 3 prosent. Regjeringa poengterar at veksten i 2009 har vore så sterk, at den legg til rette for ein betre økonomisk balanse hjå kommunane, samstundes som det kommunale tenestetilbodet har vorte ytterligare forsterka.

Ressurskrevjande tenestemottakarar

I tillegg til meirskatteveksten, har utbetalinga til ressurskrevjande tenestemottakarar auka frå om lag 3 milliardar kroner i 2008, til 4 milliardar kroner i 2009. Det har vore ei auke i talet på ressurskrevjande tenestemottakarar i ordninga på 17,6 prosent i 2009. Samstundes har utgiftene utover innslagspunktet auka med 10 prosent reelt. Denne sterke utgiftsveksten har ført til at regjeringa har foreslått endringar i ordninga:

- Overslag på auke i tenestemottakarar er i 2010 er satt til 8,1 prosent.
- Overslag på realauke av utgiftene per mottakar, er satt til 3,9 prosent i 2010.
- Kompensasjonen utover innslagspunktet blir redusert frå 85 til 80 prosent.
- Innslagspunktet blir justert opp med 3,6 prosent, til 865 000 kroner.

Bli endringane ved denne ordninga vedtatt, vil det påverke kommunane sin økonomi allereie i 2009. Det har å gjere med at kommunane skal inntektsføre pengane frå ordninga

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 01.02.2010

SAK 03/10
VIDARE VURDERING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Plan for forvaltningsrevisjon vart gjennomgått i sak 19/08 i møte 16.oktober 2009
Tema som Lov om offentlige anskaffelser, teknisk etat samt gebyrordninga for vatn og avløp vart drøfta. Kontrollutvalet gjorde vedtak om å kome tilbake til saka.

Eit anna tema som også kan vurderast som forvaltningsrevisjonsprosjekt er sjukefråver i Norddal kommune.

I følge årsmelding for 2008 har sjukefråveret svinga ein del dei siste åra:

2004, 8,1%
2005, 7,7%
2006, 9,3%
2007, 9,9%
2008, 6,3%

Prosjektstyring innan nybygg og nyanlegg kan også vere eit mulig tema ettersom det har vore overskridinga på byggeprosjekt i kommunen.

Val av prosjekt skal skje på bakgrunn av ei overordna analyse. Denne bør bygge på risiko- og vesentlegheitsvurderingar og kunnskap om kommunen.

Det blir lagt opp til ei nærare drøfting av prioriteringane i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 01.02.2010

SAK 04/10
ORIENTERING OM NORDDAL EIGEDOMSSKAP KF

Som vedlegg følger:

- Årsmelding og årsrekneskap for eiedomsselskapet 2008

Vedlagte dokument vil gi ein viss informasjon om foretaket. Dagleg leiar vil i møtet gi ei orientering om verksemda som t.d. vedtektene, økonomi, budsjettrapportering, forholdet til kommunen for øvrig og i kva grad foretaket når sine mål.

Harald Rogne
dagleg leiar

08/1991

STYRET SI ÅRSMELDING

2008

NORDDAL EIGEDOMSSELSKAP KF.

INNHALD

- 1.0 Bakgrunn og oppstart.
 - 2.0 Hovedoppgåver / Ansvarområde / organisering.
 - 3.0 Drift og vedlikehold.
 - 4.0 Drifts- og investeringsrekneskap.
 - 4.1 Driftsrekneskapen 2008 -hovudtal
 - 4.2 Balanserekneskapen.
 - 4.3 Investeringsbudsjett med prosjektregnskapsrapport.
 - 4.4 Framtidige investeringsbudsjett-/omfang.
-

1.0 Innleiing: Bakgrunn og oppstart.

Norddal Eigedomsselskap KF, org nr. 991 906 010, er eit kommunalt føretak med hovedkontor i Valldal i Norddal Kommune.

Føretaket vart etablert etter vedtak i Norddal Kommunestyre i sak 070/06 og sak 18/07 med følgjande formål etter vedtektene:

1. Føretaket sitt føremål er å vere ein reiskap for gjennomføring av Norddal kommune sin bustadpolitikk og å sikre at kommunen har hensiktsmessige bygg for si øvrige verksemd og tenesteyting. Føretaket skal syte for å ta i vare bygging, forvaltning, drift og vedlikehald av disse bygningane/eigedomane på ein effektiv måte.
Føretaket skal gjennom å eige, forvalte, vedlikehalde, rehabilitere, byggje nye, kjøp og sal av eigedomane syte for at eigedomane vert utvikla i samsvar med kommunen sine målsettingar for servicenivå og utvikling.
2. Føretaket kan ta del som eigar i andre selskap når det ligg innanfor føretaket sitt føremål og dei rammer kommunelova og eventuelt andre lover/føresegner angir for

kommunen si deltaking i selskap/forretningsdrift.

Føretaket kan og leige inn eigedomsmasse og gå inn i framleigekontrakt når dette tener dei føremål føretaket skal ivareta.

3. Disponeringa av eigedomane som ein reiskap i kommunal verksemd skal ivaretakast av dei aktuelle fagetatar i kommunen.
4. Føretaket kan ta på seg andre oppgåver som kommunestyret pålegg føretaket.

Norddal Eigedomsselskap KF er 100% eigd av Norddal Kommune. Ved etableringa hadde Norddal Eigedomsselskap KF ein eigenkapital på Kr. 49 391 977.

Oppstart:

Norddal Eigedomsselskap KF er oppretta som ei eining/ iet føretak som juridisk er underlagt Norddal kommune. Norddal Eigedomsselskap KF er registrert i Brønnøysundregisteret. Selskapet vart dermed etablerast med alle funksjonar som eit føretak/selskap skal ha.

Framdriftsplan med følgjande planlagde oppgåver for å få selskapet operativt vart etablert:

Hoved- tema	Deltema	Oppgave/aktivitet	Kommentar
FORMALIA	Oppstart DL	Dagleg leiar tilsett.	
	Formalla	Registrering av selskapet	Registreringsskjem med vedlegg Innsendt. Registrering OK. Firmaattest motteke.
	Styret	Styret i arbeid	Gjennomgang av korleis styret skal arbeide i styremøte 01.11.2007.
		Strategi	Korleis organiserer vi drifta på på kort og lang sikt.
		Møteplan og rapportering	Rutiner etablert av dagleg leiar og styret
		Møtegodtgjersle/reiseutgifter	Kommunale rutiner og satsar vert følgd.
		Kurs	Styrekurs. Alle styremedlemmar invitert på styrekurs arrangert i Valldal
	Dagleg leiar	Tilsettingsavtale dagleg leiar	Gjennomgang og signering av arbeidsavtale er gjort
	Tenesteomtale	Må utarbeidast. Ikkje proritert.så langt.	

ADMINISTRASJON	Administrasjon	Saksbehandlingssystem	Brukar same saksbehandlingssystem som Norddal Kommune. Etablerer ein eigen del av dette. Arkivering i egne arkiv.
	Økonomi	Kontoplan	Kontoplan etter rekneskapslova. Kontoplan med Konto, ansvar(avdeling) og teneste etablert.
		Budsjett	Foreløpig budsjett gjennomgått.
		Rekneskap	Åpningsbalanse etablert med til dels store korrigeringar frå tidlegare opningsbalanse. Prinsipielle avklaringar med tanke på selskapet si drift gjennomgått. Konsekvensar med å føre rekneskap etter rekneskapslova vart utgreid.
		Avskrivningar.	Avskrivningsplan etter korrigerert åpningsbalanse planlagt og vedteke av styret.
		Langsiktig gjeld	Langsiktig gjeld tilhøyrande eigdomande vart overført frå Norddal Kommune. Nedbetalingsplan med justert nedbetalingstid etablert
		Vedlikehald / investering	Prinsipp for skilje mellom vedlikehald og investering gjennomgått som grunnlag for den daglege drifta. Viktig med tanke på framtidig etablering.
		Driftsfinansiering / likviditet	Føretaket vart etablert uten overfløring av likviditet. Føretaket er derfor avhengig av å gå med overskudd for å skaffe nødvendig driftskapital. Likviditetopparbeiding kan også skje ved å vere bevist på forholdet mellom avskrivning og avdrag på lån.
		Rapportering	Rapporteringsrutiner gjennomgått.
	Ressursar	Serviceforretning / økonomiavdeling.	Avtale med serviceforretning og økonomiavdeling om hvilke oppgåver dei skal utføre er etablert. Oversikt over ansvar og oppgåver er utarbeid.
	FDV	Oppgåver som FDV skal levere til Norddal Elgedomsselskap KF.	Hvilke oppgåver og ressursar FDV skal levere til Norddal Elgedomsselskap KF er gjennomgått. Driftsmessig er det avklart hvilke oppgåver ein skal føre over. Når det gjeld ressursar administrative/planleggingsmessige ressursar innanfor FDV har dette på grunn av vakante stillingar ikkje vore i samsvar med forutsetningane.
	Personal	Retningslinjer for å ta over tilsette	Retningslinjer gjennomgått og arbeidsgjevaransvar overført for reinhaldarar og vedlikehaldsmedarbeidarar/vaktmesterar som var planlagt overført.
			Nye arbeidsavtalar utarbeid.
			Personalansvar overført pr. 01.01.2008.
	EIGEDOMS-FORVALTNINGA		
	Eigedommar	Oversikt over eigedommar	Oppsett over eigedommar som skal overførast er utarbeid i samsvar med opningsbalanse,
	Tomter	Oversikt over tomter	Kjøp og salg av tomter er ikkje overført til Norddal Elgedomsselskap KF pr. dato.
	M.M.	Formalia	Hemeloverføring ? NEI ikkje aktuelt
	Avtalar / kontrakter	Husleigeavtalar	Alle husleigeavtalar er gjennomgått. Alle avtalar er korrigerert med tanke på avtalens innhald når det gjeld husleigenivå.
		Husleigenivå.	Prinsipp for beregning av husleige er gjennomgått. Dette vert brukt med tanke på nye leigeavtalar framover. Dette vil medføre ei oppjustering av leigenivå over tid.
		Brukaravtalar	Leigeavtalar med formålsbygg/deo enkelte verksemdene er ikkje endelege. Forberedande arbeid gjennomført. Endeleg avklaring er ei prioritert oppgåve.


ANDRE SINE ERFARINGAR	Kontrakter	Servicekontrakter	Det er ei stor oppgåve å samordne alle servicekontrakter / vedlikehaldsavtalar innan foretaket. Dette arbeidet er påbegynt, men ikkje ferdig. Sjå ellers under drift og vedlikehald.
		Vedlikehaldsavtalar	
		Forsikring	KLP Forsikring v/ Severin Myklebust har gjennomgått alle forsikringsavtaler. Deling mellom Norddal Eigedomsselskap KF og Norddal Kommune er gjort.
		Ulstein Eigedomsselskap KF	Har etablertt kontakt med Ulstein Eigedomsselskap KF og Stranda Eigedomsselskap AS for erfaringsutvekdling.
		Ålesund Eigedomsselskap KF	
		Stranda Eigedomsselskap AS	

Viktige oppgåver som er påbegynt i 2008 og som må ferdigstillast:

- Ferdigstille avtaleverket mot formålsbygg.
- Etablere og kommunisere gode nok system for gjennomføring av vedlikehald av bygg, samt utføring av brukartenestene som verksemdene skal betale for.

2.0 Hovedoppgåver / ansvarsområder / organisering.

Hovedformål til Norddal Eigedomsselskap KF er nedfelt i vedtektene (sjå over) er:
Norddal Eigedomsselskap KF si organisering for å løyse desse oppgåvene kan illustrerast som vist under:



Organisasjon:

Kommunestyre er Norddal Eigedomsselskap KF sitt øverste organ.
Styret har i inneverande år vore samansett slik:

Styreleiar:	Bjørn Inge Ruset
Nestleiar:	Hallvard Tafjord
Styremedlem:	Anita Dyb
Styremedlem:	Stig Holmstrøm
Styremedlem valgt av tilsette:	Gunn Hovden
Varamedlemmar:	Stein Kristian Valdal Kristin Kjerstad Håseth Leif Ytterli (Vara for Gunn Hovden.)
Dagleg Leiar:	Arne Krohn
Vedlikehaldsavdeling:	4 stillingsheimlar i 100%.
Reinhaldarar:	5,6 årsverk med 11 tilsette.
Administrative tenester vert kjøpt frå servicetorg.	
Økonomi- og lønstenester vert kjøpt frå økonomiavdeling i Norddal Kommune.	

Bemanning:

I administrasjon er det i dag tilsett 1 person (mann) i 100% stilling. Då foretaket starta opp var det planlagt at ein ressurs tilsvarande 0,5 stilling var innkjøpt frå FDV. På grunn av vakanse i verksemdleiar stilling i FDV har denne ressursen ikkje vore tilgjengeleg. Anna innleige av kapasitet har vore gjort ved behov.

Vedlikehald:

Foretaket har 4 stillingsheimlar innanfor vedlikehald.

3 av stillingane har vore fast bemanna, medan 1 stilling i 100 % var ute i permisjon fram til 01.09.2008. Den tilsette som var ute i permisjon sa opp og kom ikkje tilbake. I permisjonstida samt i perioden fram til no har det vore engasjert mellombels kapasitet. Etter utlysing haust 2008 er det no tilsett ny i ledig stilling. Alle tilsette i vedlikehaldsavdelinga er menn.

Reinhold:

Innanfor reinhold har vi 5,6 årsverk fast tilsett. I tillegg sjuke- og ferievikarar etter behov.

Innanfor reinhold har vi hatt nokre endrinar. Reinholdar ved Eidsdal Barnehage avslutta sitt engasjement. Ny reinholdar er tilsett. Reinholdar ved Eidsdal Legekontor har sagt opp. Her leiger vi i dag reinhold frå Eidsdal Omsorgsbustader.

Arbeidsmiljø:

Etter styret si oppfatning er arbeidsmiljøet i foretaket godt og det er ikkje sett iverk spesielle tiltak på dette området i driftsåret.

Føretaket har ikkje registrert skade eller ulykke i 2008.

Føretaket er bevisst på når det gjeld lønns- og personalpolitikk for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling mellom kvinner og menn. Pr. 31.12.2008 har føretaket 9 menn og 7 kvinner tilsett.

Føretaket har to " einingar", vedlikehald og reinhold. I vedlikehaldsavdelinga er det 100% menn tilsett og i reinholdsavdelinga er det 70% kvinner og 30% menn. Begge yrkesretningane er typiske mann-/ kvinneyrker. I våre utlysingar / tilsettingar vert kvinner og menn vurdert på lik linje. I dei utlysingar vi har hatt i 2008 var det innanfor vedlikehald kun mannlege søkjarar, og innanfor reinhold stort sett kvinnelege søkjarar.

Utover det å vurderer kvinner og menn på lik linje har det ikkje vore sett i verk tiltak for å endre på kjønnsamansetninga innafor dei ulike einingane.

3.0 Drift- og vedlikehold:

- Hovudmålsetting for drifta i 2008 har vore å få oversikt over driftsrutine og rutine for vedlikehold i dei bygg og eigedommar som Norddal Eigedomsselskap KF har fått ansvar for. Dette var og presisert i saksutgreiing når det gjaldt oppstart av føretaket. I løpet av året har ein opparbeid kunnskap om status på dei ulike bygga. Ei meir systematisk kartlegging, som ein og ser i samanheng med investeringsplanar framover, er nødvendig.

I ein første fase har ein hatt hovedfokus på utbetring av avvik som kjem av lovpålagte ettersyn:

Dette gjeld:

- Kommentar frå mattilsynet når det gjeld Eidsdal Omsorgsbustader. Vesentleg på bygningsmessig standard. Utbetring er gjennomført.
- Tilsyn elektriske anlegg:
Avvik på 8 anlegg. I dei enkelte rapportar er det mange typar avvik. Dei aller fleste er lukka. Utfordringa har vore å etablere/oppdatere system for oppfølging og kontroll. Samt å få gjennomført lovpålagt ekstern kontroll. Nødvendige avtalar er gjort og framdriftsplan er laga. Arbeidet er påbegynt og alle avvik når det gjeld internkontrollsystem vert lukka i 2009. Alle anlegg ein har ansvar for vil få oppdaterte webbasert internkontroll system innanfor ein 2 –årssyklus. Pålagt ekstern kontroll med utbetring av anlegg vert gjennomført i same periode.

Branntilsyn.

- 3 rapportar med manglar.
 - Nødllys / ledelys i gangar Eidsdal Omsorgsbustader. Utbetring gjennomført.
 - Nødllys / ledelys i gangar Valldal Samfunnshus. Planlegging bestilt i 2008. Utbetring i 2009.
 - Nødllys / ledelys i gangar VTS. Planlegging bestilt i 2008. Utbetring i 2009.
- Avslutning av prosjekt med utskifting av PCB-haldige armaturar i kommunale bygg er slutført i 2008.
- Alle avvik i heiser er lukka i 2008.
Godkjende alarmrutiner er etablert

I samband med utbetring av desse avvika er det og nødvendig å få oppdatert system for:

- Vedlikehaldsrutiner
- Dokumentasjonssystem for systematisk oppfølging av elektrisk anlegg.
- Dokumentasjon av brannettersyn
- Dokumentasjon av HMS system.

Dette arbeidet er påbegynt.

Arbeid med å samordne ulike serviceavtaler er starta og innafor enkelte område gjennomført. Felles serviceavtalar for alle bygg er kostnadssparande og legg til rette for meir effektiv drift.

- Felles serviceavtale for heiser er etablert.
- Felles service for ventilasjonsanlegg er gjennomført.
- Påbegynt arbeid med felles avtale mot alarmanlegg.

Desse avtalane har tidlegare vore gjort separat for kvart enkelt bygg. Med samla ansvar i eigedomsselskapet var det naturleg å utvikle fellesavtalar for dei ulike område. Eventuelt kan ein og vere med i interkommunale innkjøpsordningar når det gjeld slike avtalar.

Utover dette har Norddal Eigedomsselskap KF teke over driftsansvaret for Tafjord Friluftsbad. I tillegg ligg no ansvaret for alle investerings- / utviklingsprosjekt mot kommunale eigedommar i Norddal Eigedomsselskap KF.

Dette var oppgåver som Eigedomsselskapet skulle ta over når drifta hadde kome skikkeleg i gang. Av ulike årsaker vart ansvaret overført tidlegare enn planlagd.

Det har vore brukt betydeleg med tid for å få oversikt driftsrutiner rundt friluftsbadet og å få oversikt over alle vedtekne investeringar. Å etablere framdrift på dei ulike investeringsprosjekt har vore tidkrevande.

Viser i denne samanheng til vedlegg som viser vedtekne investeringsprosjekt, samt rapport vedrørande status mot vedtekne løyvingar (Prosjektregnskap.)

Etter ein dialog med Fjordhagen AS vil Norddal Eigedomsselskap KF ta over drifta av Fjordhagebygget frå 01.01.2009.

Miljø

Etter styret si oppfatning, driv selskapet ikkje aktivitetar som i nevneverdig grad skadar det ytre miljø.

4.0 Drifts- og investeringsrekneskap.

I vedtektene sin §12 og §13 om økonomiforvaltning heiter det:

§ 12 ØKONOMIFORVALTNING

Føretaket skal ha ein økonomiforvaltning i samsvar med føresegner som gjelder for kommunale føretak etter kommunelova.

Styret skal utarbeide framlegg til budsjett, økonomiplan, årsrapport og rekneskap som blir lagt føre kommunestyret til avgjerd.

- Føretaket sin rekneskap skal førast i samsvar med rekneskapslova.
- Internrekneskap med driftsresultat for den einkilde eigedom skal førast.
- Styret har mynde til å gjennomføre investeringsprosjekt, kjøp og sal av eigedomar og å ta opp lån innanfor ramma for føretaket sitt budsjett vedteke av kommunestyret.

§ 13 REVISJON

Kommunerevisjon har ansvaret for revidering av føretaket sine rekneskap.

I samsvar med vedtektene sine bestemmelsar har Norddal Eigedomsselskap KF etablert rekneskap i samsvar med rekneskapslova. Dette samsvarar ikkje med den kontoplan og rekneskapsføring som Norddal kommune brukar.

Det vert ført internrekneskap for det enkelte bygg. Dette inkluderer også fordeling av kapitalkostnader på kvart enkelt objekt.

Når det gjeld investeringar har Norddal Eigedomsselskap KF innført prosjektrekneskap for å ha oversikt over dei enkelte prosjekt. Eit prosjektrekneskap er uavhengig av årskiftet og skal følge investerings- /utviklingsprosjektet frå start til ferdigstilling.

4.1 Driftsrekneskapen 2008, hovudtal:

	Rekneskap 2008	Budsjett 2008
DRIFTSINNTEKTER	Kr. -19 183 281,-	Kr. 17 940 900,-
DRIFTSKOSTNADER:		
Lønnskostnader:	Kr. 4 732 262,-	Kr. 4 514 000,-
Avskrivningar	Kr. 3 972 852,-	Kr. 4 833 000,-
Andre driftskostnader	Kr. 7 431 934,-	Kr. 5 408 000,-
SUM DRIFTSKOSTNADER	Kr. 16 137 148	Kr. 14 755 000,-
DRIFTSRESULTAT	Kr. -3 046 133	Kr. 3 185 900,-
FINANSPOSTER	Kr. 2 783 533	Kr. 3 185 900,-
ÅRSRESULTAT	Kr. -262 600	Kr. 0,-
Disponering av overskot:		
Overført til egenkapital	Kr. 262 600	

4.2 Balanserekneskapen:

EIGEDLAR:

Sum bygg- og faste eigedommar	Kr. 120 013 645
Omløpsmiddler	Kr. 435 564
Bankinnskott mm	Kr. 3 986 999
SUM EIGEDLAR	Kr. 124 436 109

EIGENKAPITAL OG GJELD:

Eigenkapital	Kr. 49 654 577
Langsiktig gjeld	Kr. 71 163 990
Kortsiktig gjeld	Kr. 3 617 542
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	Kr. 124 436 109

Styret sine kommentarar til rekneskapen:

- Etter styret si oppfatning gjev det framlagde resultatregnskap og balanse, med tilhøyrande notar, nødvendig informasjon om føretaket si drift i 2008, samt føretaket si stilling pr. 31.12.2008.
- Det er ikkje påløpt forhold etter regnskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av regnskapen.
- Styret meiner at det er grunnlag for fortsatt drift, og årsrekneskapen for 2008 er sett opp på det grunnlag. Dette er og stadfesta gjennom Norddal Kommunestyre sine budsjettvedtak for 2009.

For meir informasjon om drifts- balanserekneskapen vert det vist til Rekneskap 2008 for Norddal Eigedomsselskap KF.

Vedlagt i rekneskapen er og rekneskap for kvar enkelt bygg/eigedom slik vedtektene krev.

Styret seier seg nøgd med resultatet for 2008. Første driftsåret var det ei hovudoppgåve å få oversikt og ryddigheit i rekneskapsføring. Dette har ein oppnådd i 2008.

4.3 Investeringsbudsjett med prosjektrekneskapsrapport


Oversikt over vedtekte investeringar er vedlagt. Når det gjeld økonomisk status for kvart enkelt prosjekt vert det vist til prosjektrapport som vedlegg til rekneskap 2008 for Norddal Eigedomsselskap KF.

4.4 Framtidige investeringsbudsjett- / omfang.

Som investeringsrapporten viser er det eit relativt stort investeringsbudsjett for 2009. Ei rullering av investeringsbudsjett må skje i samarbeid med administrasjon etter innsprl/behov i dei ulike verksemdene. Aktiviteten når det gjeld investeringar er relativt høg. Dette må for kommande år justerast slik at ein kjem over på eit meir fordelt investeringsnivå, omfang. Prioritering mellom prosjekt som skal/må gjennomførast er viktig.

Valldal 2009-04-27

Styret for Norddal Eigedomsselskap KF



Bjørn Inge Ruset

Styreleiar




Stig Holmstrøm

Styremedlem



Hallvard Tafjord

Nestleiar



Gunn Hovden

Styremedlem



Anita Dyb

Styremedlem

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 01.02.2010


**SAK 05/10
ORIENTERING OM SITUASJONEN VED LEGEKONTORET**

Som vedlegg følger:

- Brev frå Norddal kommune datert 29.12.2009

Det blir lagt opp til at rådmannen orienterer i denne saka.

Harald Rogne
dagleg leiar



Kontrollutvalet/v Arne Sandnes

6210 VALLDAL

Vår ref.
09/1852/G00/PENY/70258822

Dykkar ref.

Dato:
29.12.2009

Orientering om legesituasjonen 2009/ 2010

Viser til ynskje om å bli orientert om legesituasjonen i Norddal 2009 og utover i 2010.

Situasjonen i dag.

I dag har Norddal kommune to legestillingar og turnus, av desse er ein fast tilsett lege og ein vikar. I tillegg har vi avtale med Muritunet som gjer at vi kan nytte Muritunlegen i vaktordninga. Denne bemanninga gir oss:

- Firedelt vaktordning.
- 900 pasientar pr lege ved eit pasienttal på 1800 (reelt tal er ca 1575).

I forhold til vakt er vakta i Norddal rekna som lite belastande, blant anna med bakgrunn i at vi har få rusrelaterte skadar sett i forhold til meir bynære kommunar.

På kurativt område er vi godt dekt, Norddal har satt eit tak på 1 000 pasientar pr lege noko som ikkje er høgt.

Situasjonen vidare inn i 2010.

Vi har inngått avtale med vikarbyrå for lege ut mars 2010 og har soleis to legar i denne perioden.

Om vi ikkje får tilsett ny lege utpå nyåret, vil vi freiste å forlengje avtalen med den vikarlegen vi har avtale med, under føresetnad om at denne fungerer godt. Vi har i det store hatt gode erfaringar med dei vikarlegane vi har fått frå det byrået vi nyttar no.

For neste turnusperiode er det fire fleire turnusplassar enn det er turnuslegar i fylket. Det var soleis fire kommunar som ikkje fekk turnus i perioden 15. februar til 15. august, Norddal var ei av dei kommunane.

Det er ei "restplassordning" for heile landet der turnuskandidatar som ikkje har turnusplass, kan søkje. Vi har fått lagt ut Norddal kommune på denne ordninga, og det har no meldt seg ein turnuskandidat. Slik det no ser ut vil vi ha turnuslege for neste periode.

Vi vil soleis ha normal dekning med legar til hausten 2010.

Dersom det visar seg at turnusen ikkje kan komme:

- Har vi i forhold til vaktordninga tatt høgde for dette i avtalane med muritunlegen og legevikaren (tre delt vakt).
- Er vi godt dekt på det kurative området med eit pasienttal på ca 1 600, sjølv om kommunelege 1 har andre oppgåver å skjøtte i tillegg til pasientarbeidet.


Det vil nok likevel oppstå situasjonar der ein ikkje får legetime på dagen eller påfølgande arbeidsdag, slik vi stort sett kan gje tilbud om no.

I forhold til øyeblikkelig hjelp er det sett av faste timar til dette kvar dag, og om noko er kritisk vil dette bli handtert umiddelbart.

Elles er heile legekantoret inne i ein prosess der vi hentar inn bistand frå Hjelp 24. Vi ynskjer å komme i gong med dette arbeidet så snart som mogleg. Denne prosessen har tre hovudfokus.

- Meir robust drift
- Arbeidsmiljø
- Rutinar ved legekantoret.

Med helsing



Per Ove Nydal
rådgjevar

Kopi til:
Stig Holmstrøm

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 01.02.2010

SAK 06/10
MØTEPLAN 1. HALVÅR 2010

Ein ser for seg møte 12.02.2010, 17.03.2010 og 20.05.2010 med behandling av rekneskap og årsmelding.

Harald Rogne
dagleg leiar